

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 0125	Doknr.: 83
Mottatt: 5 OKT 2005	ASR/ASRL
Saksbeh.: IEK	Ark.: 482
Kopi:	Avskr.:



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:

Dykkar dato: Vår ref:

15.07.2005 FM: 2005/4475/JOHA/531.1

Vår saksbehandlar:

John Hauger, 71258212

Vår dato:

13.09.2005

Forskrift om berekraftig skogbruk - høyringsuttale

Møre og Romsdal fylke viser til utsendt høyringsutkast vedkommande forskrift om berekraftig skogbruk.

Diskusjonen omkring miljøforskrift har gått føre seg ei tid, og det har delvis vore motsetningar mellom den offentlege skogforvaltninga og næringa. Møre og Romsdal fylke opplever at skogeigarorganisasjonane, gjennom standardane for eit berekraftig skogbruk, tek miljøspørsmåla på alvor. Vi ser derfor positivt på at ei eventuell ny forskrift tek utgangspunkt i dei miljøstandardane som næringa legg til grunn i dag.

Det meste av skogaktiviteten i Norge skjer gjennom dei ulike skogeigarorganisasjonane, og blir fanga opp gjennom standardane for eit berekraftig skogbruk. Miljøspørsmåla på desse areala føler vi blir handsama på ein trygg måte. Det vil likevel alltid vere ein del av skogarealet som fell utanom. Vi sit og med eit inntrykk av at miljødelen av standardane blir teke meir alvorleg enn det som omhandlar forynging etter hogst. Skogeierforeninga Nord har mellom anna gitt klare signal på at dei ønskjer minst moglege kostnader til forynging, og dermed etablere for glisne foryngelsesfelt. Dette avviker frå vårt prinsipielle syn på skogeigar sitt forvaltaransvar.

Møre og Romsdal fylke stiller seg på bakgrunn av dette positivt til forskrift om berekraftig skogbruk, men har ein del kommentarar til innhaldet i dei ulike kapitla. Vi har ikkje lagt opp til ein diskusjon i høve til anna lovverk, for eksempel forslag til ny biomangfoldlov, men reknar med at dette blir teke omsyn til innan dei ulike fagdepartementa.

Kapittel 2. Miljøomsyn

§2-2 legg opp til at hogst berre skal gjennomførast i dei områda der det er gjennomført miljøregistreringar. I område utan miljøregistreringar gis det opning for å bruke Levande skog sine standardar som grunnlag. I Møre og Romsdal er det per i dag gjennomført, eller går føre seg, miljøregistreringar i samband med skogbruksplanlegging i 8 av fylket sine 38 kommunar. Med dagens rammevilkår er det lite truleg at det vil bli gjennomført miljøregistreringar i alle kommunane. Vi ser det imidlertid som svært viktig at ei eventuell ny forskrift gir opning for at skogbruk skal vere ein viktig del av næringsgrunnlaget også i område utan den type miljøregistreringar som forskrifta legg opp til.

Eigne registreringar for å tilfredsstillere føre var prinsippet i Levande skog ved kvar enkelt skogsdrift vil medføre ekstra kostnad for skogeigar. På bakgrunn av dette ber vi om at Landbruks og matdepartementet vurderer moglegheitene for at kommunen skal kunne gje

eit tilskot til denne type registrering gjennom "nærings og miljømidlane i skogbruket" som kommunen disponerar.

Vi ber og om at det gis opning for at kommunen kan godkjenne annan type kartlegging, som til dømes naturtypekartlegging, som grunnlag i forvaltninga.

§ 2-3 ramsar opp ein del miljøomsyn ved ulike skogbrukstiltak. Vi lurer litt på kor vidt det er nødvendig å ramse opp eit utval av standardane i Levende skog, eller om det hadde vore nok å vist til dei standardane som til ein kvar tid er gjeldande. Vi har likevel nokre kommentarar til dei enkelte punkta i paragrafen.

I § 2-3 første ledd står det at -*"..verdiane i viktige livsmiljø som er utvalde gjennom sertifisering etter Levende skog blir tekne vare på"*. Vi reknar med at dette også skal gjelde for miljøverdiar som er registrert gjennom ordinære miljøregistreringar.

§ 2-3 andre ledd legg opp til eit forbod mot å legge att kvist og hogstavfall som er til unødig hindring for ferdsel osv. I enkelte høve vil det vere urasjonelt at ein til ein kvar tid i arbeidet på hogstfeltet skal sørge for at det ikkje ligg hogstavfall på stigar og ferdselsårer. Ei så streng formulering bør etterfølgjast med - *"Opprydding skal skje snarast mogleg etter at arbeidet på hogstfeltet er avslutta"*. Vi meiner elles at uttrykket *vanleg brukte* vil vere gjenstand for diskusjon.

§ 2-3 tredje ledd omhandlar kjøreskadar. I staden for at det berre skal vere pålegg om oppretting av kjøreskadar i etterkant av drift, meiner vi forskrifta burde forplikte skogeigar til å førebu drifta slik at kjøreskadane blir minst mogleg. Vi etterlyser i tillegg ein definisjon på kjøreskadar

I § 2-3 fjerde ledd står det at det skal setjast att minst 5 stormsterke tre pr. hektar som livsløpstre. På initiativ frå Norges Skogeierforbund blei det i juni 2000 etablert ei arbeidsgruppe for å sikre ein sams tolking av Levande Skog sine standardar for eit berekraftig norsk skogbruk. Eit av punkta der var at det ikkje skulle stå att livsløpstre av framande treslag. Dette skulle og gjelde for gran på skogreiste areal i skogreisingsstrøk. Vi ber om at dette vert ført vidare i ei ny forskrift.

I § 2-3 bør sumpskog definerast nærare, for eksempel etter vegetasjonstypane granbjørkesumpskog og lauv-viersumpskog. Edellausvskog bør også definerast nærare.

Kapittel 3. Forynging etter hogst

Møre og Romsdal fylke ser positivt på at det kjem klarere retningslinjer for skogeigar sitt ansvar til å forynge skogarealet etter hogst. Møre og Romsdal fylke meiner prinsipielt at forynging bør sjåast på som ei vedlikehaldsplikt knytt til utnytting av virkesressursane. Det vil si at skogeigar skal sørge for at virkesressursane og den langsiktige økonomiske utnytting av areala blir minst like gode i neste omløp, som det som var utgangspunktet før hogst. Dette vil gjelde anten ein satsar på kulturforynging eller naturleg forynging. Einsidige og kortsiktige økonomiske vurderingar kan ikkje leggast til grunn.

Kontroll av felt som er lagt ut til naturleg forynging av furu i Møre og Romsdal viser heilt klart behov for markberedning for å få eit vellukka resultat. Forskrifta bør opne for å kunne sette krav om markberedning der skogeigar ønskjer å satse på naturleg forynging. På same måte som at forskrifta inneheld klare definisjonar i høve til tal planter pr dekar, bør ein vurdere å innføre reglar for korleis ein kan vurdere ei flate som er lagt ut til naturleg forynging rett etter hogst. Fagleg sett vil det ikkje vere problematisk å vurdere høva for forynging ut frå flatas arrondering, storleik, antall frøtre og humusstruktur. På denne måten vil ein kunne spare fleire års ventetid.

Tabellen i forskrifta under § 3-3 som viser tilrådde og minste lovleg plantetal per dekar er presis og lettfatteleg. Vi finn forslaget til minste lovlege plantetal pr. dekar noko lavt, men ser samstundes at det er nødvendig å ha et visst gap mellom tilrådde og minste lovlege plantetal for at det skal vere grunnlag for kommunen å gripe inn. Dersom kontroll av kommunen avdekkar for lite planter per dekar, bør forskrifta gi heimel for å gi pålegg om å auke plantetalet opp til tilrådd plantetal pr. dekar. Dette for å hindre spekulasjon i å bruke lågast mogleg i plantetal pr. dekar. Vi tolkar vidare forskrifta slik at minste lovlege plantetal per dekar skal vere ved etablert forynging. Dette kan godt presiserast nærare. Ideelt sett burde minste lovlege plantetal pr. dekar variere, ikkje bare etter bonitet, men også etter driftstilhøve og langsiktig økonomisk produksjon. Vi ser imidlertid at dette kan vere skjønnsmessige vurderingar og dermed gi grunnlag for diskusjon. Vi støtter derfor forslaget om å heilt klare grenser for når kommunen skal kunne sette inn tiltak, men foreslår at tabellen byttast ut med grafisk framstilling av plantetal pr dekar for å få ein glidande overgang mellom dei ulike bonitetane.

Vi meiner at forslag til lov om skogbruk §6 er klarere og meir presis når det gjeld fristar og eventuelle sanksjonar frå kommunen, enn det forskrifta legg opp til. Vi finner dette underleg og uheldig.

I § 3-3 siste setning står det at kommunen berre kan gi pålegg om å forynge med treslag som naturleg høyrer heime på staden. Ordlyden "treslag som naturleg høyrer heime på staden" er grunnlag for mistolking og bør ikkje brukast i forskrifts form. I tilfeller der det biologisk og økonomisk er fagleg forsvarleg, meiner Møre og Romsdal fylke at kommunen kan sette krav om planting av gran etter hogst av virkesrike kulturfelt av gran. Vi meiner elles at det tekniske rundt sjølve kontrollen høyrer heime i eit rundskriv.

Skogeigar må ha eit bevisst forhold til val av treslag. Kommunen må kunne sette krav om ein langsiktig realistisk økonomisk utnytting dersom skogeigar ønskjer å satse på lauvskog etter hogst av virkesrike kulturfelt av gran. Som eksempel vil naturleg oppkome av dunbjørk på desse felta ikkje vere skogfagleg tilråddeleg. Argument om produksjon av ved kan ikkje akseptast i slike høve. Ved er ein virkeskvalitet det ikkje er mangel på, og bør ikkje godtas som produksjon på slike areal.

Kapittel 4. Tiltak mot skader på skog

Møre og Romsdal fylke ser positivt på at forskrifta har vidareført klare grenser og tiltak når det gjeld å hindre skader på skog. Vi kan imidlertid ikkje sjå at forskrifta fangar opp tiltak for å hindre eller avgrense skader som følgje av rotkjuke (*Heterobasidion annosum*). Møre og Romsdal er i den heldige situasjon at vi til no har svært lite skader på granskog som følgje av rotkjuke. Vi ser det som sannsynleg at rotkjuke vil få større omfang i framtida dersom det ikkje vert sett i verk avgrensande tiltak.

Forsøk utført av Norsk institutt for skogforskning viser at tilførsel av urea eller stor barksopp er effektivt for å hindre sporespreiing av rotkjuke til ferske granstubbar. Vi ber derfor departementet vurdere om forskrifta kan gi kommunen og/eller fylkesmannen mynde til å påby bruk av urea eller stor barksopp ved tynning og sluttavvirkning av gran i enkelte område.

Med helsing



Ole Sytebø
Landbruksdirektør



Harald Nymoen
Fylkesskogsjef